



INVITASJON

Haramsøy småbåtlag har som kjent arbeidd mykje med å stelle til **Sjøbuda**. Den er no i god stand og ser bra ut, både innvendig og utvendig. Framleis er det ting som kan forbeistrast, men det er ikkje store tiltak som krev mykje arbeid og midlar.

Styret arbeider for tida med planlegging av **vidare utvikling** av **hamneområdet** og **uteområdet** vi rår over. Første byggesteg er å legge til rette for ei **flott terrasse** på sørsida av Sjøbuda. Dette arbeidet skal etter planen startast opp no i haust.

Styret har vedteke å utnemne ei arbeidsgruppe på 5 personar som skal stå føre arbeidet. Frå styret er Ole Austnes og Jan Petter Urke med i gruppa.

Styret **inviterar no medlemmar** som kan tenkje seg å vere med på å utforme korleis **Haramsøy småbåthamn** skal sjå ut og fungere om litt, til å bli med i gruppa.

Håpet er å kunne legge det fram for årsmøtet i slutten av februar.

Interesserte kan ta kontakt med Ole eller Jan Petter for meir informasjon og evt påmelding.

Haramsøy oktober 2020

Geir Håkon Austnes, Leiar.